



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 25.02.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 10:00 - 14:00

Saknr. 14/15 og 15/15 er brukt ved ei feilregistrering og går ut.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Ulvøy	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Torunn Helland Karlsen	V	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, avdelingsleiar Asbjørn Toft, avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel og Thomas Lindås. Økonomisjef Olav Andersen møtte i sak 028 og 29

Dato, 27.02.15

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
016/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/15	Godkjenning av møteprotokoll
018/15	Meldingar
019/15	Delegerte saker
020/15	Orienteringssak
021/15	Strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim
022/15	Minigravemaskin - kyrkjegarden
023/15	Løypekjøring i Stordalen - Søknad om tilskot
024/15	Statleggjering av den kommunale skatteoppkrevjaren - Høyringsuttale
025/15	Digitalt nødnett
026/15	Opparbeiding av sentrumspark
027/15	Godkjenning av ferdigstilling av klubbhus
028/15	Budsjett 2015
029/15	Budsjettoppfølging januar 2015

016/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå H/ v/ Ernst Stellberg:

Møte i formannskapet 25.02.2015 vert utsett.

Bakgrunn for dette er at ein er førelagd saker med løyve tilsvarande omlag 7.5 mill. kronar, utan at den økonomiske situasjonen for kommunen er klargjort på ein forsvarleg måte.

Framlegget fekk 1 røyst (Ernst Stellberg) mot 4 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 016/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

017/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 017/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

018/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Det var ingen meldingar.

FS - 018/15 Vedtak:

Det var ingen meldingar.

019/15: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar/jurist Thomas Lindås orienterte om delegasjonsvedtaka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 019/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

020/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

25.02.2015 FORMANNSKAPET

- Rådmann Jan Olav Osen orienterte om status i sak vedrørende ny kommunestruktur. Utkast til prosjektplan for kommunane i Region Nordhordland og notat vedrørende vedtak i kommunane vart utdelt til formannskapsmedlemene.

- Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om status i reguleringsarbeidet i forhold til inlandsføringa frå Johan Sverdrup.

- Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om oppsjønsavtale med Torild og Kjell Berge Vabø vedrørende eventuelt kjøp av del av eigeidomen gnr. 130 bnr. 4 i Austrheim på omlag 67000 m2 med 350 m strandline. Kjøpet vil bli handsama i formannskapet og kommunestyret.

- Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status i sak vedrørende rehabilitering av Årås skule. Saka vert handsama i ekstra møte i formannskapet den 11.03.15 og kommunestyret same dagen.

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 020/15 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

021/15: Strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune deltek i ei prosjektgruppe saman med representantar frå Kunsthuset Austrheim og Nordhordland Næringshage som skal utmeisle ein strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim. Rådmannen får mynde til å oppnemna kommunale deltakarar frå administrasjonen i gruppa.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:
Huset bør seljast.

Framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 1 røyster (Ernst Stellberg) mot 3 røyster(Per Lerøy, Torunn Karlsen og Helge Dyrkolbotn) og fall.

Framlegg frå V/v Torunn Karlsen:
Austrheim formannskap vel to politikarar til gruppa.

Framlegget fekk 2 røyster(Torunn Karlsen og Ernst Stellberg) mot 2 røyster.(Per Lerøy og Helge Dyrkolbotn) og fall med ordførar Per Lerøy si dobbelrøyst.

Framlegg til tillegg til rådmannen sitt framlegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn :
Arbeidet skal slutførast innan medio juni 2015.

Rådmannen rapporterer og drøftar med formannskapet to gonger i løpet av perioden 25.02 - medio juni 2015.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn fekk 3 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg) og vart tilrådd.

FS - 021/15 Vedtak:

Austrheim kommune deltek i ei prosjektgruppe saman med representantar frå Kunsthuset Austrheim og Nordhordland Næringshage som skal utmeisle ein strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim.

Rådmannen får mynde til å oppnemna kommunale deltakarar frå administrasjonen i gruppa.

Arbeidet skal slutførast innan medio juni 2015.

Rådmannen rapporterer og drøfter med formannskapet to gonger i løpet av perioden 25.02 - medio juni 2015.

022/15: Minigravemaskin - kyrkjegarden

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 022/15 Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

023/15: Løypekjøring i Stordalen - Søknad om tilskot

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap løyver kr. 15.000,- i tilskot til Stordalen Vel til sporkøyning vinteren 2015.

Kostnaden kr. 15.000,- vert dekkja frå post 14903 801 1902.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå ordføraren:
Søknaden vert ikkje stetta.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FS - 023/15 Vedtak:

Søknaden vert ikkje stetta.

024/15: Statleggjering av den kommunale skatteoppkrevjaren - Høyringsuttale

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og finn at dagens løysing gjev dei beste resultat og framstår som ei effektiv organisering.

Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma.

Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

Austrheim formannskap støtter statleggjering av den kommunale skatteoppkrevjaren.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 1 røyst.

FS - 024/15 Vedtak:

Austrheim kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og finn at dagens løysing gjev dei beste resultat og framstår som ei effektiv organisering.

Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den

kommande kommunereforma.

Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

025/15: Digitalt nødnett

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre oppretter eit prosjekt for innføring av nødnett.

Kostnaden med innføring av nødnett kr 240 000 vert dekkja med overføring med kr 120 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 120 000 frå prosjekt 033508 asfaltering.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 025/15 Vedtak:

Austrheim kommunestyre oppretter eit prosjekt for innføring av nødnett.

Kostnaden med innføring av nødnett kr 240 000 vert dekkja med overføring med kr 120 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 120 000 frå prosjekt 033508 asfaltering.

026/15: Opparbeiding av sentrumspark

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmann får fullmakt til å inngå avtale og starte arbeidet med opparbeiding av sentrumspark. Det vil bli inngått avtale med den tilbydar med lågaste pris, innanfor ei ramme på kr 2.098.146 eks mva.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Nytt framlegg frå rådmannen:

Rådmann får fullmakt til å inngå avtale og starte arbeidet med opparbeiding av sentrumspark. Det vil bli inngått avtale med den tilbydar med lågaste pris, innanfor ei ramme på kr 2.098.146 eks mva.

Kostnadane 2.098.146,- eks. mva. skal dekkast med midlar avsatt på budsjett 2015 (kr

1.200.000), tilskot frå Hordaland Fylkeskommune (kr 500.000) og egne fond (25300013 *Utmykking komm. Bygg kr 341.397* og 25300025 *Kystlandsbyen – 2010 kr 56.749*).

Nytt framlegg frå rådmannen vart tilrådd med 3 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg)

FS - 026/15 Vedtak:

Rådmann får fullmakt til å inngå avtale og starte arbeidet med opparbeiding av sentrumspark. Det vil bli inngått avtale med den tilbydar med lågaste pris, innanfor ei ramme på kr 2.098.146 eks mva. Kostnadane 2.098.146,- eks. mva. skal dekkast med midlar avsatt på budsjett 2015 (kr 1.200.000), tilskot frå Hordaland Fylkeskommune (kr 500.000) og egne fond (25300013 *Utmykking komm. Bygg kr 341.397* og 25300025 *Kystlandsbyen – 2010 kr 56.749*).

027/15: Godkjenning av ferdigstilling av klubbhus

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner at klubbhuset vert ferdigstillt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks mva. Kostnaden, kr. 4.900.000, vert dekkast med avsette lånemidlar frå 2014 med kr. 3.150.000 og kr. 1.750.000 frå sal av Årås barnehage.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Tal i saka vert endra slik at desse vert rett.

Framlegg frå rådmannen vart tilrådd med 3 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

FS - 027/15 Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at klubbhuset vert ferdigstillt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks mva. Kostnaden, kr. 4.900.000, vert dekkast med avsette lånemidlar frå 2014 med kr. 3.150.000 og kr. 1.750.000 frå sal av Årås barnehage.

028/15: Budsjett 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Detaljbudsjett for 2015 vart utdelt i møtet.

Framlegg frå ordføraren:
Detaljbudsjettet for 2015 vart teke til orientering.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FS - 028/15 Vedtak:

Detaljbudsjettet for 2015 vart teke til orientering.

029/15: Budsjettoppfølgning januar 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

25.02.2015 FORMANNSKAPET

Fylgjande vart utdelt i møte:
- Sak verørande budsjettoppfølgning for januar 2015. -
Økonomisk oversikt pr. 31.01.15 .
- Skatteinngongen for januar 2015.
- Likviditetsprognose

Framlegg frå ordføraren:

Orienteringane vert teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 029/15 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande
